

Bruknappen

TEMA: Kremmerleier Ⓞ105, Byggjeskikken Ⓞ115
KART: Ⓞ440

Gjestgjevarstaden i BRUKNAPPEN ligg nord i Radsundet, like sør for Festo, ved ein lun, idyllisk våg rett inn frå hovudleia. Både sognejekter og nordfjordjekter hadde sin faste stogg hjå «smeden i Bruknappen»; på veg til Bergen fullasta med ved og batleband, tønner og skrin, eller på beimtur med byvarer.



Gjestgjevarstaden i Bruknappen.

Første gongen vi høyrer om denne gjestgjevarstaden, er i 1646. Bergenske kjøpmenn med utanlandske namn som HUNNECHEN og CRAMER har vore eigarar, og mellom 1745 og 1780 var det fleire offiserar som åtte Bruknappen. Truleg heng dette saman med at ekserserplassen for denne delen av Nordhordland var på Lygra. Bygningane i Bruknappen brann kring 1870, og det kom opp ny hovudbygning like etter, truleg i same stil som den gamle, i halvvalm med flatark og empire-prega vindaugo. Tidlegare låg det eit bakeri bak hovudhuset, og litt lenger unna ligg ein potetkjellar og ei løe som høyrer til bruket. Gjennom verneplanen for dei gamle handels- og gjestgjevarstadene vart Bruknappen restaurert tidleg i 1970-åra, men hovudbygningen brann på ny i 1978 og vart nok ein gong bygd

opp att. Utvendig er den nye bygningen ein kopi av den gamle, sett i god stand som overnattingsstad. I dei tronge farvatna i Radsundet opplever vi sjøvegen i bokstaveleg tyding. Her ligg framleis Bruknappen som eit punkt i det store mønsteret av herberge langs leia. □



TOFTING

I vegdelet på TOFTING, der vegen tek av til Lygra og til Festo, ligg ein gardflor i bøgarden mellom innmarka og utmarka. Det er berre sperrene og taktroene som er av tre, resten er av stein. Gardfloren på Tofting er ein fin representant for dei enkle bruksbygningane i gråstein som pregar dette ytre treberre kystlandskapet. Gardflor, skinnflor, skjeneflor – bygningstypen har mange namn, men funksjonen er den same. Kyr og sauer på utmarksbeita vart sleppte i hus i gardfloren, florar eller fjøs ved garden – steingarden. Dei enkle, men velbygde steinhusa ligg i dag som smykke i kulturlandskapet. Denne floren har eigaren sett i mønsteryldig stand.



Gardfloren på Tofting.

EIT TINGVITNE

I Hunnechen si tid gjekk det føre seg ei dramatisk hending ved Bruknappen. Eit tingvitne på tinget i Kvamsvågen 13. mai 1721 fortel om det. Ei nordfjordjeket var komen inn på hamna i Bruknappen. Utanom jektefolka var det ein sersjant og nokre soldatar med fartøyet. Som vitne fortalde ABEL FESTE at ein av jektefolka var komen til han og bad om hjelp til å sokna etter ein soldat som var komen bort. Første dagen etter fann dei soldaten ved Bruknappen på 14 fannars djup. Han hadde eit djupt hogg i den eine armen.

Radsundet var hovudleia til Bergen for jekter frå Sogn, Nordfjord og Nord-Noreg.
Utsnitt av Dreier-prospekt.

LANGHUSET PÅ LITTLEOKSA

Kring 1500 var «Lille Oxen» delt mellom to brukarar; SJUR og MAGNE, og to bruk har det vore på garden fram til 1800-talet. På ei gammal bu er årstalet 1585 skore inn over døra. Denne bua har vore bygd inn i eit nyare hus frå 1800-talet. På det andre bruket fortel lokalhistorikaren JOHAN LITLESKARE om eit forvitneleg gammalt langhus som i dag er borte: Hovudinngangen var ein pall i halv kjellarhøgde med trapp opp til stova og «Longør» (langsvål). Frå nord mot sør låg det på rekkje «nordbu», «litlebu», «stove», «utebu» og ein skut innanfor gråsteinsgavlen.

